

**Fra:** Gunnar Vatnøy <gvatnøy@gmail.com>  
**Sendt:** tirsdag 22. november 2022 19:53  
**Til:** Sverre Solberg  
**Emne:** Re: Div. kart med innmålte og berekna punkter.kar

Hei,

Ser at eg ikke har kommentert linja frå K3 mot nord i Holtavika. Eg meiner her at linja frå K3 til K2 på 149.12 m er gjeldande grense mellom Gnr 173 Bnr 9 og Gnr 174 Bnr 5. Det er denne rette linja som er omtalt i skyldelingsforretninga frå september 1920 og det er denne linja som blei bestemt i forretninga. Denne forretninga blei tatt opp etter utskiftninga på Rydland i 1901 og etter utskiftninga på Totland i 1893 og beskriv difor gjeldane grensebeskrivelse mellom dei to eigedommene.

Mvh  
Gunnar Vatnøy

On Fri, Nov 18, 2022 at 12:16 PM Sverre Solberg <[sverre.solberg@alver.kommune.no](mailto:sverre.solberg@alver.kommune.no)> wrote:

Hei !

Vedlagt følgjer nokre ulike kartutsnitt i ymse målestokkar frå området rundt gbnr173/9 på Rydland.  
Karta syner innmålte punkter og berekna.

I "Holtavika" har eg digitalisert kystkonturen i Matrikkelen slik at den no stemmer med kartet.  
Frå kryss "K3" har eg lagt inn ei linje til "K1". Avstanden på denne, er 126,56 m.  
Tilsvarande frå "K3" til "K2" - avstand 149,12 m. Sjå vedlegg !

Då det på forretninga var semje om kryss i fjell - "K3" og gjerdestaur "ST1", har eg no lagt desse 2 grensemerka inn i Matrikkelen. Avstanden mellom desse, er 15,56 m.  
I skyldskiftet til gbnr 173/9 står det bl.a. " mot gaarden Totland grdn: 86 brno. 5. følger saa denne linje mot vest 54 m til x i berg,...".  
Trekkjer ein 15,563 m frå 54 m, si tein att med 38,427 m.  
Denne avstanden har eg gått frå gjerdestaur "ST1" mot hjørna i steingjerde "X11".  
Såleis framkjem punkt "54" på karta.

Som de kan sjå, ligg dette 23 cm frå punkt "H54".

Trekkjer me ei rett linja frå "54" til kross i fjell oppe med brøystestikka i gjerde - "K4",  
Ligg "KS1" 16 cm (forlengelse av jordskiftelinja mot Åge) frå denne linja og "KS2" 8 cm.

Høyrer frå dykk innan onsdag, 23. november 2022, om me kan løysa saka ?

God helg !

Mvh.

Sverre Solberg | Avdelingsingeniør Kart og Oppmåling  
Telefon: 56 37 56 21 / 977 36 578  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00  
[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)

-----Opprinnelig melding-----

Fra: [sverre.solberg@alver.kommune.no](mailto:sverre.solberg@alver.kommune.no) <[sverre.solberg@alver.kommune.no](mailto:sverre.solberg@alver.kommune.no)>

Sendt: fredag 18. november 2022 09:58

Til: Sverre Solberg <[sverre.solberg@alver.kommune.no](mailto:sverre.solberg@alver.kommune.no)>

Kopi: Sverre Solberg <[sverre.solberg@alver.kommune.no](mailto:sverre.solberg@alver.kommune.no)>

Emne: Her kjem ditt innskanna dokument

Scan:lisvsovia Capture and Send: